

## MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 16. des. 2022

Stad: Gol, Kommunehuset

### Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Petter Owesen	Hemsedal kommune
Petter Rukke	Hol kommune
Herbrand Jegleim	Gol kommune
Tore Haraldset	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

### Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Henrik Skovly	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune
Stephan Gundersen	Hemsedal kommune

### Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Olav Skinnes (Sp)
Iselin Haugo Stavn (H)
Bjørn Siem Kundsen (adm)

### Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar
Maria Grevsgård, programleiar
Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

### Forfall:

Hege Mørk	Gol kommune
Magnus Weggesrud	(Sp)

**SAK 85/22 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 25. NOVEMBER 2022****Vedtak:**

Protokollen frå møte 25. nov. 2022 er godkjent.

**SAK 86/22 HØYRINGSSVAR «INNTEKTSSYSTEMET I KOMMUNANE»****Vedtak:**

Regionrådet ønskjer å ta utgangspunkt i forslag til høyringssvar som er utarbeid av Rådmannsutvalet, men gjera nokre endringar, vise til Naturressurskommunane si uttale og halde det kort.  
Rådmannsutvalet gjer endringane.

**SAK 87/22 NYTT FRÅ VIKEN**

Olav Skinnes orienterte kort om budsjettprosess og om oppdelingsprosessen i Viken. Frå neste år vil Olav Skinnes og Siv Henriette Jacobsen byte på å vera fylkesrådet sine representantar i Regionrådet.

**SAK 88/22 INFO FRÅ SENIORRÅDGJEVAR. SAMFERDSEL, STRAUM MM**

Knut Arne informerte om kva som er siste utvikling på Ringeriksbanen, vegpakke Hallingdal og straumsituasjonen. Sjå vedlegg.

**SAK 89/22 BREIBANDSSØKNAD 2023**

Søknadsprosessen 2023 er i gong. Knut Arne informerte om økonomiske føringar og kva område som er aktuelle å søke utbygging i. Sjå vedlegg.

**SAK 90/22 BEREKRAFTIG REISEMÅL. UTDELING AV DIPLOM**

Ål, Hemsedal, Gol og Nesbyen vart tildelt «Merket for Berekraftig reisemål.» Saman med Flå og Geilo kan Hallingdal no kalle seg ein berekraftig reiselivsregion og reisemåla kan bruke tittelen Berekraftig reisemål - lokalt engasjement i eit langt perspektiv. Merket for berekraftig reisemål blir utdelt av Innovasjon Norge til reisemål som jobbar systematisk over tid med berekraftig utvikling. Regionrådet for Hallingdal har hatt det overordna ansvaret for arbeidet med merkeordninga, som har pågått sidan våren 2020.

**SAK 91/22 INFORMASJON OM MOGELEG TV-KONSEPT FRÅ HALLINGDAL**

Jan Olav informerte om eit mogeleg TV konsept som kan profilere Hallingdal og gründerane i dalen

**Vedtak:**

Regionrådet ber dagleg leiar utarbeide sak til neste møte

**SAK 92/22 EVENTUEL****Folkemusikk og folkedanstilbodet i kulturskulen**

Tore Haraldset orienterte om eit notat frå kulturskulerektorane som gjeld manglande tilbod på folkedans og folkemusikk i kulturskulen. Blir tatt vidare i Rådmannsutvalet

**Status system for internkontroll**

Anita Pedersen orienterte om status i internkontrollprosjektet. Sjå vedlegg.

**Felles formannskapsmøte 12. januar**

Alle formannskapsmedlemmer i Hallingdal samt kommunedirektørar blir invitert til eit arbeidsmøte om dei regionale planane i Viken. Innkalling er sendt.

**Dialogmøte med Statnett**

Tore, Ole Johnny og Odd Egil orientere frå møte med Statnett.

**Høyring på statsforvaltaren si geografiske inndeling**

**Vedtak:**

Saka kjem opp i neste møte og Hallingdal må be om utsett frist

Hallingdal 16. des. 2022

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar